



Trafikksikringsplan

for Lom kommune 2022-2025
- revisjon av plan



Vedteken av Lom kommunestyre 16.12.2021 (sak 2021/74)

Innhold

1. Innleiing	3
2. Visjon og målsetjing.....	4
2.1 Visjon	4
2.2 Målsetjing	4
3. Organisering av trafikksikringsarbeidet.....	5
3.1 Organiseringa i Lom kommune	5
3.2 Organisering nasjonalt og regionalt	5
Staten	5
Fylkeskommunen	5
4. Oversikt over vegnett og status for ulykker	5
4.1 Vegnettet i Lom	5
4.2 Status for trafikkulykker i kommunen	6
5. Innsatsområde, tiltak og ansvarlege	10
5.1 Barnehagane – Trafikkopplæring og trafikksikring	10
5.2 Grunnskulen –Trafikksikring og trafikkopplæring	10
5.2.1 Loar skule.....	10
5.2.2 Lom ungdomsskule.....	11
5.3 Fellestenester	11
5.4 Miljø, Teknisk, Næring (MTN).....	11
5.5 Helse	12
5.6 Eldre og funksjonshemma	12
5.7 Risikogrupper.....	12
5.8 HMS (internkontroll)	12
6. Handlingsplanar og gjennomføring	12

1. Innleiing

Trafikksikringsplanen for Lom for 2022-2025 er ein revisjon av trafikksikringsplanen for 2017-2021.

Gjeldande plan var klar for revidering og oppdatering – og er oppført med revisjon i 2021 i kommunen sin planstrategi.

Oppgåva med å utarbeide eit forslag til revidert trafikksikringsplan er administrativt lagt til Felleskontor for plan, byggesak og miljø i Lom og Skjåk.

Planforslaget får si behandling i Trafikksikringsutvalet, og det vert gjennomført offentleg ettersyn og høyring av planforslaget.

Planen vert endeleg vedteken av formannskapet.

2. Visjon og målsetjing

2.1 Visjon

Trafikktryggleiksarbeidet i Norge skal være basert på en visjon om at det ikkje skal skje ulykker med drepne og hardt skadde i vegtrafikken. Likt med sentrale styresmakter, fylkeskommunar og andre kommunar deler Lom kommune denne visjonen - *Nullvisjonen*.

2.2 Målsetjing

Lom kommune har som målsetjing å gjera trafikken i kommunen tryggast mogleg for alle trafikantar.

Trafikksikringsplanen skal vere ein reiskap for å planleggje, samordne og gjennomføre arbeidet med trafikktryggleik i Lom, og innehalde prioriterte førebyggjande og fysiske tiltak med lokal og tverrsektoriell oppslutning.

Lom er sidan 22.11.2018 ei av dei 125 av landets kommunar som er godkjend som trafikksikker kommune. For at kommunen skal vere godkjent som trafikksikker, må ulike kriterium være innfridd. Nedanfor er oversikten henta frå rettleiaren for å bli ein trafikksikker kommune:



KRITERIER FOR KOMMUNEN



- ✓ Kommunen har forankret ansvaret for trafikksikkerhetsarbeidet hos ordfører og rådmann. Delansvar kan ligge hos den enkelte etatsleder.
- ✓ Kommunen har et utvalg med ansvar for trafikksikkerhet.
- ✓ Kommunen har innarbeidet trafikksikkerhet i HMS/internkontrollsystemet som inneholder regler for reiser og transport i kommunens regi, og ved kjøp av transporttjenester.
- ✓ Trafikksikkerhet er et årlig tema i kommunens arbeidsmiljøutvalg (AMU).
- ✓ Kommunen har oppdatert oversikt over trafikkulykker og trafikkuhell (materiellskader) i kommunen.
- ✓ Trafikksikkerhet er en del av kommunens folkehelsearbeid.
- ✓ Kommunen har en trafikksikkerhetsplan. Planen har rullerings- og rapporteringsrutiner. Planen ivaretar både trafikantrettede og fysiske tiltak.
- ✓ Kommunen har et godt system for å behandle søknader om skyss pga. særlig farlig skolevei.
- ✓ Kommunen har oppfylt kriteriene for den enkelte sektor.

3. Organisering av trafikksikringsarbeidet

3.1 Organiseringa i Lom kommune

Det er opp til kvar enkelt kommune å organisere trafikksikringsarbeidet. For Lom kommune er det *Formannskapet* som har det overordna ansvaret for alt trafikksikringsarbeid.

Trafikktryggleiksutvalet har ansvaret for å revidere trafikksikringsplanen. Trafikktryggleiksutvalet består etter omorganisering av folkevalde medlemmer frå Samfunnsutvalet med varamedlemmar med ein representant frå politiet som fast medlem. Administrasjonen bidreg med kompetanse frå sektorane etter behov, for å sikre brei medverknad og kompetanse frå fleire arenaer.

Utvalet skal blant anna oppdatere og revidere trafikksikringsplanen for Lom kommune som skal leggjast fram til godkjenning.

3.2 Organisering nasjonalt og regionalt

Staten

Samferdselsdepartementet har eit overordna ansvar for trafikksikringsarbeidet i Noreg. Vegdirektoratet er fagorgan for trafikksikringsarbeid og har eit overordna ansvar for vegplanlegging, vegbygging, føraropplæring m.v.

Fylkeskommunen

Fylkeskommunen har ansvar for samordning av trafikksikringsarbeidet i fylket. I Innlandet fylkeskommune er dette lagt til fylkestrafikksikringsutvalet (FTU).

4. Oversikt over vegnett og status for ulykker

Lom kommune har 2204 innbyggjarar (SSB, pr. 15. juni 2021), totalt eit areal på 1969 km² (Kartverket), og ligg midt i Ottadalen. Kommunen har grenser mot Skjåk, Luster, Vågå, Vang og Lesja.


4.1 Vegnettet i Lom

I kommunen finn ein riksveg 15 (22,6 km, frå Vågå grense (Byrberg tunnelen til Skjåk grense) og fylkesveg 55 (52,6 km, frå Fossbergom til grensa mot Luster/Sogn og Fjordane) som dei mest dominerande vegane i vegnettet. Det er om lag 91,6 km fylkesvegar og 31 km kommunale vegar i Lom.

Det eksisterer 7,5 km gang- og sykkelvegar i kommunen.

4.2 Status for trafikkulykker i kommunen

Statistikk for trafikkulykker i den siste 10-års perioden 2011-2020 er samanstilt av data frå Statens vegvesen.



I Lom kommune er det i 10-års perioden 2011 - 2020 registrert 38 drepne eller skadde i trafikkulykker i statistikken til Statens Vegvesen. Av desse vart 1 drepne, 12 hardt skadde, og 25 lettare skadde.


Om ein fordeler drepne eller skadde på dei ulike vegkategoriane i kommunen får ein denne tabellen:

År	R Riksveg	F Fylkesveg	K Kommunal veg	P Privat veg	S Skogsbilveg	Sum
2011	0	1	0	1	0	2
2012	2	1	0	0	0	3
2013	0	2	1	0	0	3
2014	1	1	0	0	0	2
2015	0	1	0	0	0	1
2016	4	3	0	0	0	7
2017	2	3	0	0	0	5
2018	1	4	0	0	0	5
2019	1	0	0	0	0	1
2020	5	4	0	0	0	9
Sum	16	20	1	1	0	38


Dei fleste ulykkene med personskade i Lom i 10-årsperioden skjedde på Rv. 15 og Fv. 55.

Tala frå Statens Vegvesen viser at 25 vart skadde i ulykker som skjedde på kvardagar, medan 13 vart skadde i ulykker som skjedde i helg.

Fordeler ein dei 38 personskadde i 10-årsperioden 2011 - 2020 på månadene, får ein denne fordelinga:



5 vart skadde i januar-april. 18 vart skadde i mai-august. 15 vart skadde i september desember.




Det er *utforkøyringar* som dominerer ulykkene, og difor flest skadde *sjåførar eller passasjerar* av ulike motoriserte køyretøy som visast under dei ulike trafikantgruppene.


Statistikken frå Statens vegvesen for 10-årsperioden viser at det er personar i personbil/varebil eller på moped/MC som er blanda inn i dei fleste ulykkene:

Fotgjengarar	Syklistar	Førarar og passasjerar moped/MC	Førarar og passasjerar personbil	Førarar og passasjerar varebil	Førarar og passasjerar lastebil	Førarar og passasjerar buss	Førarar og passasjerar traktor
1	0	13	16	6	2	0	0


Statistikken frå Statens vegvesen for 10-årsperioden viser at denne aldersfordelinga for personar som er involverte i ulykker med personskade i 10-årsperioden 2011-2020:



Statistikken frå Statens vegvesen for 10-årsperioden kan indikere dei fleste som er involverte i trafikkulykker med personskade i Lom er på ferie eller på gjennomreise. Merk at det er eit stort tal med ukjend formål for reisa/aktiviteten:



Samanliknar ein tala frå ulykker med føregåande ti-årsperiodar, har talet på drepne og hardt skadde i trafikkulykker i Lom små variasjonar, medan talet på lettare skadde har minka mykje. Totaltalet på personskadar ved trafikkulykker har minka mykje i løpet av dei 30 åra. I ti-årsperioden 1991-2000 hadde ein totalt 93 personar med skade etter trafikkulykker i Lom, i ti-årsperioden 2001-2010 totalt 52 skadde personar, og i den siste ti-årsperioden 2011-2020 hadde ein 38 skadde personar.



Ser ein på tala i forhold til nullvisjonen om at det ikkje skal skje ulykker med drepne og hardt skadde i vegtrafikken, står ein nærast på staden kvil når ein ser på tala for Lom isolert sett. I ti-årsperioden 1991-2000 hadde ein 2 drepne og 15 hardt skadde, i ti-årsperioden 2001-2010 hadde ein 4 drepne og 9 hardt skadde, og i den siste ti-årsperioden 2011-2020 hadde ein 1 drepne og 12 hardt skadde. Kommunen bør derfor saman med vegstyresmaktene i staten og fylket auke innsatsen for at nullvisjonen skal bli oppnådd.

Trafikktryggleik handlar heller ikkje berre om tala på trafikkskadar. Alle trafikantar skal kunne føle ein grad av tryggleik når dei ferdast i trafikken. Ein har i dag eit trafikkbilete på dei mest trafikkerte vegane i Lom, især på mange strekningar av Rv. 15 Ottadalsvegen og Fv. 55 Sognefjellsvegen, som gjer at mange gåande og syklande føler seg utrygge, og kvir seg for å ferdast på vegane. Vegane er forholdsvis smale, og der det ikkje er gang- og sykkelveg, er det lite plass for at gåande og syklande kan ferdast på ein trygg måte. Bygging av nye strekningar med gang- og sykkelveg, vil vere derfor vere eit viktig tiltak for trafikktryggleik og trivsel for dei som bur og ferdast utanom sentrumsområda, især gjeld dette langs Rv. 15.

Dei høge tala for personskadar ved utforkøyningar og møteulykker, indikerer også behov for heving av vegstandaren, især på riksvegen og på fylkesvegane. Især vil ei utviding av breidde på vegane vere eit tiltak som vil betre trafikktryggleiken. Større vegbreidde med breiare skulder, vil gjera det tryggare for gåande og syklande som brukar vegar der det ikkje er gang- og sykkelveg.

5. Innsatsområde, tiltak og ansvarlege

I arbeidet med trafikksikringsplanen har trafikksikringsutvalet gitt ulike oppgåver til kommunalsjefar og tenesteleiarar. Desse er ansvarlege for at trafikksikringsarbeidet vert ivareteke innanfor sin sektor eller sitt tenesteområde. Oversikta over førebyggjande tiltak ligg under pkt. 6 i ein egen tabell.

- Kommunalsjef innanfor oppvekst har ansvar for oppfølging innanfor sine område.
 - Tenesteleiarane for barnehagane har ansvar for oppfølging i barnehagane.
 - Tenesteleiarane for skulane har ansvar for skulane.
- Kommunalsjef innanfor helse og omsorg har ansvar for oppfølging innanfor sine område.
- Kommunalsjef samfunnsutvikling og kultur har ansvar for oppfølging innan sitt område og ansvar for oppfølging av vegnettet i samarbeid med fylke og vegvesen.
- Politivakta skal ha ansvar for førebyggjande arbeid i samarbeid med kommunen.

5.1 Barnehagane – Trafikkopplæring og trafikksikring

- Barnehagen arbeider med at barna skal lære adekvat åtferd og få gode haldningar i trafikken frå dei er heilt små.
- Barna får tidleg erfaring med å ferdast i trafikken ; i vogn og til fots. Dei blir gjort merksame på risiko og at det er viktig å bruke sansane sine.
- Dei eldste barna gjennomfører Trygg Trafikk sitt opplegg Tarkus.
- Ved utarbeiding av nye årsplanar frå hausten, vil dette bli nedfelt.
- Etter Trygg Trafikk sine tilrådingar er det berre 4 – og 5 åringane som kan køyre buss. Barnehagane har kjøpt inn puter som alltid blir brukt på buss , og bussen må ha sikkerhetsbelte.
- Trafikksikkerheit er tema på foreldremøte på avdelingane rett etter oppstart av nytt barnehageår. Spesielt fokus på henting og levering .
- Bruk av refleksvestar ved ferdsel i trafikken.

5.2 Grunnskulen –Trafikksikring og trafikkopplæring

5.2.1 Loar skule

Trafikksikring

- Skulen gjev, i samarbeid med FAU, råd om at foreldre fylgjer Trygg Trafikk sine råd om sykling til og frå skulen.
- Gjev generell oppmoding om å etablere gode haldningar for trygg ferdsel i trafikken, både hjå born og vaksne.
- Sikrar at alle elevane brukar belte i bussen før dei reiser.
- Har som rutine at vi ikkje nyttar privatbil til transport, utanom særskilde tilfelle som t.d. dersom ein elev blir sjuk/skadar seg på tur. Ein tilsett har alltid med seg privat bil dersom noko skulle skje.
- Elevane blir vande med å gå på trafikkert veg alt frå 1.klasse.
- Å ferdast trygt i trafikken er tema kvar haust ved skulestart når klassane byrjar å gå turar.
- Foreldre får oppmodingar om kvar dei kan levere og hente borna.

- Rutinane vert gått gjennom kvar haust ved oppstart av nytt skuleår. Det er alltid ein eller fleire vaksne som har hovudansvaret for turar, dei har også ansvaret for at desse rutinane vert fylgde.

Trafikkopplæring

- Nyttar opplæring gjennom Trygg Trafikk.
- Elevane i 1.-4.klasse har årleg gjennomgang av trafikkreglane ved å ferdast i trafikken på ulike gåturar.
- Elevane i 5.-7.klasse har årleg sykkeldag med teori, øving og sykkelprøve. Dette er lagt til våren. Det er eit samarbeid med politiet.

5.2.2 Lom ungdomsskule

Trafikksikring

- Passar alltid på at elevar er godt sikra i buss på turar i regi av skulen. Lærar/assistent sikrar.
- Sikringsaspektet vektlagt i val av transportør.
- Trygg Trafikk sine nettsider og deira undervisningsopplegg blir brukt..
- Elevane skal bruke undergangen frå/til busshaldeplassen til/frå skulen, også når dei har hatt kroppsøving i Utgard.
- Lærarane blir oppmoda om å bruke hjelm når dei sykklar til skulen og at dei bruker undergangen.
- Ha trafikksikring som tema på foreldremøte.

Trafikkopplæring

Kunnskapsløftets kompetansemål:

- *Matematikk: gjere overslag og mellom anna berekne fart*
- *Naturfag: gjere greie for omgrepa fart og akselerasjon*
- *Samfunnsfag: Gje døme på korleis eit lovbrót er behandla, diskutere årsaker til og følgjer av kriminalitet.*
- Besøkje Trafikksikringssenteret med 10. klasse

5.3 Fellestenester

- Stimulere og forsterke det friviljuge trafikksikringsarbeidet
- Sende ut informasjon til lag og foreiningar om eventuelle fylkeskommunale midlar til åtferdsretta trafikksikringstiltak
- Stimulere lag og foreiningar til å innarbeide reglar for transport med særleg fokus på transport av barn

5.4 Miljø, Teknisk, Næring (MTN)

- MTN har ansvar for kommunal drift og vedlikehald av kommunale vegar.
- Det er innarbeidd rutinar slik at trafikksikring i størst mogleg grad blir ivareteke.
- Teknisk avdeling planlegg og gjennomfører fysiske trafikksikringstiltak som er prioritert innanfor kommunen sine økonomiske rammer.
- Universell utforming og omsyn til trafikksikring vert ivareteke i all planlegging i kommunen.

5.5 Helse

- Kommunen har ansvar for førebyggjande helsearbeid ref. samhandlingsreforma.
- Helsestasjon - gir informasjon om sikring av barn i bil. Utdeling av Trygg Trafikk (TT) si brosjyre om sikring av barn i bil. I konsultasjonar med gravide og foreldre/ føresette, blir tema trafikktryggleik og ulykkesforebygging teke opp. Utdeling av Helsedirektoratet si brosjyre «Barns miljø og sikkerhet» på ulike alderstrinn.
- Legetenesta – gje informasjon om faren ved kombinasjonen av legemiddel og bilkøyring.

5.6 Eldre og funksjonshemma

- Ha større fokus på informasjonsutveksling om trafikksikring.
- Ta omsyn til universell utforming i planlegginga i kommunen.
- Auke fokus på refleksbruk og verknad ved medikament og bilkøyring (Eldrerådet).
- Eldrerådet tek initiativ til at pensjonistforbund. e.l. foreiningar gjennomfører kurset TREFF for eldre fotgjengarar frå Statens vegvesen (videoar).

5.7 Risikogrupper

- Innvandrarar - Informasjon om trafikksikring; hjelm, refleks, barn i bil og bruk av bilbelte.
- Sjøførarar som er ruspåverka; medikamentbruk eller annan rus.
- Ungdom – ulykkeutsette får tilbod om trafikksikringsinformasjon. Kommunen saman med politiet tek initiativ til at det blir gjeve informasjon til ungdom knytt til trafikktryggleik på møteplassar for ungdom som mekkeverkstadar og liknande.
- Kommunelegen og politiet samarbeider om Informasjonstiltak til relevante grupper knytt til temaet køyring og ruspåverknad

5.8 HMS (internkontroll)

- Lom kommune har eit fast trafikksikringsutval.
- Kommunen skal vere med på å innarbeide trafikksikring som ein del av det kommunale regelverket; tenestereiser og bruk av kommunale bilar.

6. Handlingsplanar og gjennomføring

Formannskapet har det overordna ansvaret for gjennomføring av trafikksikringsplanen.

Dette gjeld også ansvar for at tiltak som medfører økonomiske konsekvensar blir innarbeidd i plandokument som veg- og vegtrafikkplanar, økonomiplan/årsbudsjett m.m. før gjennomføring.

Handlingsplanane blir utarbeid som eige dokument:

- Handlingsplan – Førebygging
- Handlingsplan – Fysiske tiltak

Handlingsplanane rullerast årleg, og følger som vedlegg til gjeldande trafikksikringsplan.